

Fra: Tom Dybwad <tojady@hotmail.com>
Sendt: 24. juni 2015 21:33
Til: Postmottak KUD
Emne: Nei til framlegget om søndagsopne butikkar

Til Kulturdepartementet

Eg vil med dette protestere på Kulturdepartementet sitt framlegg om søndagsopne butikkar.

Vi menneske treng ein dag i veka som er annleis enn dei andre dagane. Allmen opning av butikkane vil ta bort dette. Det trengst ein dag i veka der flest mogleg av oss kan vere saman med familie, vener og gjere andre ting enn å handle.

Det kan ikkje vere ønskjeleg at vi skal bruke enno ein dag i veka på å handle. Fremjar enno meir handling folkehelsa? Svaret er definitivt nei. Blir verda betre om vi kan handle alt mogleg alle dagar? Svaret på det er også nei.

Eg ber om at framlegget om søndagsopne butikkar blir skrinlagt.

Med helsing

Tom Dybwad
Navarsetevegen 12
6856 Sogndal